

SOGNDAL KOMMUNE  
Gravensteinsgata 17  
6856 SOGNDAL

Dato: 16.12.2019  
Vår ref.: 2019/15786-3  
Saksbehandlar: eliwarr  
Dykkar ref.:

## Orientering om tilskotsordninga til verna kulturminne i Vestland 2020

Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vedtok 12.11.2019 nye retningslinjer for tilskotsordning «verna kulturminne» i Vestland jf. PS 4/2019 og vedlagt saksframlegg med protokoll. <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/397?sourceDatabase=>

Det overordna målet for kulturminneforvaltinga er å sikre regionen sine kulturminneressursar som vitenskapelig kjeldemateriale og grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Tilskotsordninga sitt føremål er å minimalisere tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordninga skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrke vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi. Kommunar i Vestland og eigarar av regionalt verdifulle kulturminne registrert i kulturminnedatabasen Askeladden kan søkje.

Tilskot skal i første rekkje nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg. Tilskot kan også nyttast til andre tiltak i handlingsplan til kulturminneplan som kurs og formidling.

Kva kan ikkje støttast:

- Tiltak på kulturminne i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt eige.
- Tiltak på freda kulturminne.
- Ordinær vedlikehald og drift.
- Kommunal sakshandsaming knytt til ordninga.

Ramma for tilskotsordninga vert handsama i Fylkestinget 17.12.2019. Framlegget er på kr. 2 059 250,-

Vi ber kommunane legge til rette for at eigarar av verna kulturminne kan søkje midlar gjennom kommunen. Frist for kommunane til å søke fylkeskommunen om midlar er **15. mars**. Kommunane bør sette eigen frist for søknad frå private eigarar, slik at det er god tid for kommunen til å handsama søknadene.

Vi ber kommunane også opplyse om Kulturminnefondet som forvaltar staten sin tilskotsordning retta inn mot einskilde eigarar og lokale kulturminne. Det er ingen søknadsfrist og søknadane vert handsama fortløpande.

Dersom dykk har spørsmål om ordninga til verna kulturminne i Vestland fylke ta kontakt med Inger Lena Gåsemyr på epost: [inger.lena.gaasemyr@vlfk.no](mailto:inger.lena.gaasemyr@vlfk.no)

David J. Aasen Sandved  
påtroppande seksjonssjef

Inger Lena Gåsemyr  
påtroppande fagleiar arealplan

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Saksframlegg PS4/2019 Hovudutval for kultur, idrett og integrering
- 2 Retningsliner tilskot til verna kulturminne 2020